

Sveio kommune

Sakspapir

SAKSGANG			
Behandling	Møtedato	Saksnr	Saksbehandler
Formannskapet	04.06.2012	043/12	ASALE

Avgjerd av:	Arkiv: N-670	Arkivsaknr
Saksansv.: Anders Lothe	Objekt:	12/388

NASJONAL TRANSPORTPLAN 2014-2023 - INNSPEL FRÅ SVEIO KOMMUNE VEDK. BYPAKKE 3 FOR BYOMRÅDA RUNDT HAUGESUND

Rådmannen 14.05.2012

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	13.03.2012	Hordaland fylkeskommune	NASJONAL TRANSPORTPLAN 2014-2023 - INVITASJON TIL Å GJE INNSPEL

Økonomiske konsekvensar:

Vert å vurdere ved dersom det etablerast Bypakke 3 i Haugesundsområdet

Saksorientering:

Forslag til Nasjonal transportplan (NTP) for 2014-2023 vart lagt på høyring i februar 2012 med høyringsfrist 29. juni 2012. Forslaget gir ein oversikt over samferdselsutfordringane og dei samferdselsprosjekta som skal prioriterast i perioden 2014-2023. Vidare gir den føringar for kva satsingsområde ein ønskjer å prioritera i framtida.

Eit viktig satsingsområde er prioritering av kollektivtransport, gåing og sykling i byområda. Under pkt 3.1 Byområder – veksten må tas av kollektivtransport, gåing og sykling står det:

"Den raske befolkningsveksten i byområdene gjør det mulig å skape en mer konsentrert byutvikling og mer miljøvennlig transport. Dette er også helt nødvendig. Vi kan ikke bygge oss ut av kapasitetsutfordringene med flere og bredere veger. For å skape attraktive og funksjonelle byer som har god mobilitet må det utvikles et kollektivtilbud med stor kapasitet og høy kvalitet og gode løsninger for gående og syklende. Arealbruken må bygge opp under dette. I store byområder er det et mål at veksten i persontransport tas av kollektivtransport, gåing og sykling. Noen steder må dagens biltrafikk reduseres for å bedre lokal luftkvalitet. Alle disse utfordringene krever samordning på tvers av forvaltningsnivåene gjennom forpliktende avtaler med helhetlig virkemiddelbruk. I praksis må folks transportadferd endres."

I NTP er byområda med dei største utfordringane delt inn i tre grupper. Oslo utgjer området med dei største utfordringane, mens Bergen-, Trondheim-, og Stavangerregionen er nemnt som områder med store trafikk- og miljøutfordringar. Den tredje gruppa er byområde med betydelige trafikk- og miljøutfordringar. I denne gruppa er Haugesund nemnt som eit område.

Byområdet Haugesund, slik det er nemnt i NTP, er ikkje definert, men Haugesund har ein felles bu- og arbeidsmarknad med nabokommunane Tysvær, Karmøy og Sveio. Dagleg reiser mange over kommunegrensene for å arbeide, og mange av desse kjører bil. Potensialet for å endre reisevanane til denne gruppa er stort. Med bakgrunn i dette er det naturleg at heile eller deler av nabokommunane inngår i det ein definerer som byområdet Haugesund. Det er pr. i dag ikkje teke stilling til om det er naturleg at heile eller deler av Karmøy, Tysvær og Sveio bør inngå i byområdet Haugesund, men dette må vurderast seinare i prosessen. Sveio kommune har fylkes- og kommunegrense mot Haugesund sin nordre grense. Her er utviklinga på Sveiosida stor og det er i kommuneplanen lagt opp til fleire hundre bueiningar berre ca 7 km. frå dei nordre bydelane i Haugesund. Det er ca 10 km til Flotmyr som er knutepunktet for kollektivtrafikken i Haugesundsområdet. Potensialet for å leggja til rette for betre kollektivtrafikk og gang- og sykkelveggar er stort i dette område.

Fleire kommunar og regionar i Norge har tidligare inngått avtaler med departementet i form av bypakkar. Innholdet i avtalane har variert frå område til område, og har i nokre tilfeller vore kombinert med bompengepakkar.

For at området Haugesund skal kunne få bypakke-status må det inngås forpliktande avtaler med det fokus å redusere reisemiddelfordelinga frå bil til kollektiv, sykkel og gange. Eksemplar på tiltak som kan vere aktuelle i en slik avtale er:

- Arealbruk som avgrensar transportbehovet med bil
- Tiltak for auka gåing og sykling
- Utbygging av kollektivtilboda
- Restriktive tiltak for bilbruk i byane
- Avgifter på bilbruk – heile eller deler av døgnet

Kva for tiltak som vil gje effekt i dei ulike delane av byområdet Haugesund må vurderast nærare.

Vurdering:

I denne saka er det viktig at regionen står samla om eit ønske om at byområdet Haugesund skal få status som Bypakke og at kommunane er villige til å inngå forpliktande avtaler for å nå måla om auka satsing på kollektiv, sykkel og gange. Dersom byområdet Haugesund får status som Bypakke 3 vil det gi regionen eit løft i forhold til satsinga på kollektiv, sykkel og gange, og det vil bidra til ei meir bærekraftig samfunnsutvikling. Om fleire bytter ut bilen med meir miljøvennlege transportformer vil det gi positive effektar lokalt når det gjeld miljø, helse og framkommelighet.

Representantar frå administrasjonen i Karmøy kommune, Haugesund kommune, Tysvær kommune og Sveio kommune har i møte 23. april 2012 diskutert saka, og er einige om at det er viktig at kommunane står samla for at byområde Haugesund skal få status som Bypakke 3 i NTP.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sveio kommune støttar forslaget i Nasjonal transportplan 2014-2023 om at byområda rundt Haugesund som har betydelege trafikk- og miljøutfordringar vert tatt med i bypakke 3.
2. Sveio kommune tilrår at det i første del av perioden vert gjennomført ein konseptvalsutredning (KVU) for byområdet Haugesund, og at det vert sett av midlar til gjennomføring av tiltak i siste del av perioden.
3. Kommunestyret i Sveio er positive til å inngå forpliktande avtalar med departementet for å auke talet på kollektivreisande, syklande og gåande i det område som vert definert som byområdet Haugesund i samband med bypakke 3. Haugesundsregion er ein felles bu- og arbeidsmarknad og det er naturleg å inngå eit samarbeid for å endre reisemiddelfordelinga i området samla.

04.06.2012 FORMANNSKAPET

På spørsmål frå ordføraren om dette ville få økonomiske konsekvensar for Sveio kommune, svara kommunalsjef Anders Lothe at Sveio kommune burde forventa ein liten andel.

FOR-043/12 SAMRØYSTES TILRÅDING:

1. Sveio kommune støttar forslaget i Nasjonal transportplan 2014-2023 om at byområda rundt Haugesund som har betydelege trafikk- og miljøutfordringar vert tatt med i bypakke 3.
2. Sveio kommune tilrår at det i første del av perioden vert gjennomført ein konseptvalsutredning (KVU) for byområdet Haugesund, og at det vert sett av midlar til gjennomføring av tiltak i siste del av perioden.
3. Kommunestyret i Sveio er positive til å inngå forpliktande avtalar med departementet for å auke talet på kollektivreisande, syklande og gåande i det område som vert definert som byområdet Haugesund i samband med bypakke 3. Haugesundsregion er ein felles bu- og arbeidsmarknad og det er naturleg å inngå eit samarbeid for å endre reisemiddelfordelinga i området samla.